

Merknadsskjema – Offentleg ettersyn

Plannamn	Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra
Arealplan-ID	1256 2015 0002
Saksnummer	20/1115, 19/1175, 15/581
Utarbeida av	Marte Hagen Eriksrud, Ingrid Raniseth
Sist revidert	31. august 2020

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillers kommentar	Endringar		
				Kart	Føresegner	Planomtale
1.	Alver Senterparti	<ol style="list-style-type: none"> Planforslaget legg opp til om lag 3 000 bueningar og med full utbygging vil det verta etablert ein ny tettstad på Flatøy. Kan ikkje sjå at det er gjort demografiske analysar i planframlegget som viser behovet for ei så omfattande utbygging i Alver kommune. Utbygginga vil kunne verka sterkt sentraliserande og er ikkje eit av område i Alver kommune som er peika ut som eit vekstområde for bustadbygging. Vil kunne undergrave den planlagde bustadbygging i Knarvik og Frekhaug. Bustadutbygginga må skje gradvis i regionsenteret i Knarvik og i lokal- og nærsentra. Er naturleg at Alver kommune ser nærare på behovet for bustader og næringsareal i heile Alver, i samband med samfunnsdel og arealdel til ny kommuneplan. Områdeplanen bør utsetjast til arbeidet med kommuneplan for Alver er ferdigstilt. 				
2.	Anonym (identiteten er kjent for adm i Alver kommune)	<ol style="list-style-type: none"> Av omsyn til bebuarar og effektiv gjennomgangstrafikk bør ny E39 leggst i tunnel, mens noverande veg vert gjort om til lokalveg. Lagt ved døme frå Nygårdstangen og skisse over forslag til ny løysing på Flatøy. 				
3.	Brattlid, Eva	<ol style="list-style-type: none"> Viser til at om trafikken på Flatøy skal slusast over Hjelten bru så vil det gje eit farligare kryss med stor trafikk og meir støy/støv for min eigedom gbnr. 1/217. Planlagt lokalveg vil og gje auka støy for min eigedom. Lokalvegen er unødvendig. Det har vore 3 annleggsperiodar i området og er mektig lei. 				
4.	Flatøy bygdelag	<ol style="list-style-type: none"> Krav om at det vert etablert ei trafikkøysing, gjerne rundkøyning, ved betongblanderet på E39 med avkøyning til Midtmarka før utbygginga kan starte. Ikkje gode grunnar for å flytte eksisterande gang- og sykkelveg. Eksisterande løysing bør heller sikrast betre mot påverknad frå bilvegen. Oppmoder om at rekkjefølgjen for utbygging av området vert endra. Først byggje ut BKB3, BS3 og BS4. Viktig å oppretthalde eksisterande grøntområde, dyreliv og turstiar så 				

		<p>lenge som mogleg. Planen har ein lang tidshorisont (40 år) og det er naturleg at det kan kome endringar undervegs.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Planen har omsyn for innbyggjarane i 10-minuttersbyen, men dårlege løysingar for oss utanfor «byen». Eksisterande bygd vert offer for uakseptable løysingar grunna ei planlagt utbygging som det kanskje ikkje er behov for. 5. Krav om det som skal byggjast blir varige løysingar, som ivaretek eit heilskapleg trafikkmonster for heile strekninga Gjervik-Flatøy-Fosse-Frekhaug-Dalstø, og som prioriterer tryggleiken til dei mjuke trafikantane. Innspelet omtaler detaljerte ankepunkt til lokalvegssystemet (vedlegg 1 til 4). 6. Flatøyosen, inklusive strandlinja, må sparast mest mogleg for inngrep og avrenning. Område er «indrefilet» for sjøsport og sjøbasert friluftsliv i Nordhordland. Den bør utviklast for dette føremålet, og vassmiljø i osen må, om mogleg forbeholdt. Innspelet omtaler konkrete punkt (vedlegg 5). 7. Feil og manglar i underlag. Gjeld konsekvensutgreiing og andre dokumenter. Viktige vurderingar må kvalitetssikrast av uavhengig kompetanse. For naturmiljø i sjø, og for friluftsliv på sjø, trengs det tilleggs vurderingar. Innspelet omtaler konkrete punkt (vedlegg 4, 6, 7, 8 og 9). 8. Andre kommentarar til planen: <ol style="list-style-type: none"> a. Flytte «hotellplanar» tettast mogleg mot E39 for å redusere trafikk i planområdet. b. Flytte BKB4 nærare mot Kvernafjorden. c. Tilkomst til Håøy må sikrast gjennom heile planperioden. d. Manglar vurdering av «slitasje» for turområdet på Håøy med den veksten som planen legg opp til. e. Massehandtering og avrenning: må kvantifiserast betre og konsekvenser/tiltak må vurderast. f. Bruken av Midtmarka og Rotemyra; viktig å sjå på det overordna bilete. Stikkord; behov, kan ein avvente til E39 er fastsatt, er det smart med så mange bustader mellom 2 definerte sentra, er kommunen villig til å ha dialog med dagens bebuarar på Flatøy? 9. Ber om aktiv koordinering mellom vegløyasing til Midtmarka, plan for kollektivterminal i Krossneset og planarbeidet som Framo AS har starta opp. 10. Krav om totalt skilje mellom biltrafikk og mjuke trafikantar, heilt fram til kollektivterminalen i Krossneset. 11. Bygdelaget ønskjer, og saknar, eit aktivt samarbeid med kommunen om sakene som har allmenn interesse på Flatøy. 				
5.	Framo Flatøy (Multiconsult)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeidet med områdeplanen har gått parallelt med detaljreguleringsarbeid for industriområdet til Framo Flatøy. Framo sine synspunkt er bare delvis tatt til følgje i vegløyasing i områdeplanen. Multiconsult utarbeida alternativ løysing for den delen av veganlegget som grenser til Framo Flatøy AS. 				

		Kartutsnitt lagt ved uttalen. Ber om at ny løysing vert ivaretatt i det vidare arbeidet.				
6.	Furnes, Ingunn og Trygve	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planlagt kommunal veg over Hjelten vil vere til stor ulempe for beboarar på Flatøy og særleg for dei som bur på Hjelten. Har allereie hatt mange periodar med mykje støy i samband med tidlegare arbeid på E39. 2. Ber Alver kommune og Vestland fylke om å ikkje godkjenne veg over Hjelten. Må vere betre løysing å bygge veg frå Hagelsundet bru mot Midtmarka. 3. Sjølve utbygginga er unødvendig for Alver kommune. Vil rasere dei finaste tur- og rekreasjonsområda vi har i Alver kommune. 				
7.	Høyland, Arne	<ol style="list-style-type: none"> 1. Nordhordland har ikkje eige regionmuseum. Foreslår at kommunen legg inn eit regionalt museums magasin i planområdet. 2. Eit slikt magasin vil kunne ta inn dei mest verneverdige regionale objekta. I tillegg må kommunen finne ei løysing for eventuell sikring av lokale kulturminne som har høy lokal verneverdi, men mindre regional verneverdig. 3. Viser til brev sendt til nasjonal utvalg for museum og forsking kor eg peikar på den urettferdige fordelinga av statlege midlar til museumsdrift i Nordhordland. 				
8.	Johnson, Ellen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ber om vurdering av fortetting på eigedomen gbnr. 1/173 med maksimal utnytting. Moglegheit for parkering i underetasjen, med 2 alternative innkøyringar i vest og ein i aust. Foreslår uteområde for bucingane i nord med utviding av eigedomen og bygging av støyskjerm. 				
9.	Kjeka, Hallvard	<ol style="list-style-type: none"> 1. Driv med terrengsykling. Flatøy og Håøy er eit flott område å sykla i. Utbygging av områdeplanen vil øydeleggja naturområda og stiane, samt opplevinga av å vera i naturen. 2. Bør i staden satse på Knarvik og Frekhaug. 3. Viser til utvikling i folketalet, og lurer på kvifor ein skal bygge ut så mange nye hus. 4. Stiller spørsmål ved om folk vil bruke buss, og trur at utbygginga vil gje meir biltrafikk. 				
10.	Kjeka, Ole og Sæbjørg Hageberg	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bustadbygginga vil ha negativ konsekvens for friluftsområde Håøy: «Vegen til Håøy er halve turen». 2. Knarvik og Frekhaug er viktige tettstader som har hatt stor utbygging dei siste åra, og mange prosjekt under planlegging. Er meir enn tilstrekkeleg til å dekke framtidig behov. Direkte feil når planframlegget hevdar at utbygginga på Flatøy er ein føresetnad for utviklinga av Knarvik som eit attraktivt og konkurransedyktig knutepunkt i Nordhordland. Utbygginga vil derimot vere i konkurranse med Knarvik og Frekhaug. 3. Utbygging på Flatøy vil ha store konsekvenser for nærområda. Behov for ny infrastruktur, m.a. med ny bru over Hagelsundet og ny skule. Stort behov for skuleskyss fram til eventuelt ny skule vert etablert. 				

		<ol style="list-style-type: none"> 4. Alver kommune er ein ung kommune. Må satse på å utvikle gode samfunnsstrukturer i den nye kommune, byggje opp under eksisterande infrastruktur og satse på allereide godkjente område- og utbyggingsplanar. 5. Konklusjon; ikkje behov for utbygging på Flatøy no og at planframlegget må leggest bort. 				
11.	Kvernbit IL	<ol style="list-style-type: none"> 1. Innspel til sjøsportsenter/fellesnaust i Skitnedalsvika. 2. Kvernbit IL ro- og seglegruppa ønskjer å delta i etableringa av eit sjøsportsenter i Flatøyosen. Potensielle brukargrupper bør og få delta i arbeidet med detaljregulering av området. 3. Ønsker å aktivisere ulike brukargrupper; idrettslaget sine medlemmer, elevar, rørslehemma, pensjonistar, innvandrarak og turlagsmedlemmer. 4. Stor verdi med universelt tilgjengeleg sjøsportsenter for alle brukargruppene. 5. Senteret bør heite Flatøyosen Fellesnaust for å vidareføre ein viktig del av strilesoga. 6. Viktige moment ved lokalisering, tilrettelegging og utforming av sjøsportsenteret: kort avstand til parkering og kollektivtransport, utforming av bygg/naust/bryggje/slipp og utsjånad med materialval og tilknytning til lokale tradisjonar. 7. Plassering på sørsida mest praktisk og brukarvenleg med omsyn til sjøbotn sin utforming, vindtilhøve og kort avstand til parkering. 8. Aktivitetsflate kor deler bør vere øymerka umotorisert sjøsport og friluftsområde. Kartskipper lagt ved innspelet. 				
12.	Kvernbit IL Padlegruppa	<ol style="list-style-type: none"> 1. Har som mål å gje padletilbod og meistringsglede til alle. 2. Avgjerande at sjøområdet, også utanfor senteret, fram til og med Håøya, er fritt for motorisert ferdsel. Avgjerande pga tryggleik. 3. Skeptiske til hotellutbygging såpass nær sjøsportsenteret. Forslag om tilrettelegging for rehabiliteringssenter etter modell av Hauglandsenteret i Flekke i Sunnfjord. 4. Ønskje om veg fram til området for sjøsportsenteret så tidleg som mogleg i prosessen. Aktiviteten i dag er i ulike våger i kommunen. 				
13.	Kystkultur AS	<p>Innspel til sjøsportsenteret:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Stort potensiale som base/utgangspunkt for undervisningsbruk, samt høgt brukartimetall ettermiddag og helg, med den sentrale plasseringa i Nordhordland. 2. Bør difor vurdere om anlegget skal styrkast ved å ta opp i seg fleire funksjonar: kunnskapsenter orientert opp imot FN sine berekraftsmål og Nordhordland Biosfæreområde eller koplast på eit regionalt distriktmuseum for Nordhordland. Kanskje kan dykkarklubb, fuglekikkarar, sportsfiskarar og sjøsymjarar være døme på andre miljø som kan involverast i sjøsportsenteret. 3. Viktig med kort veg frå E39 og trekke parkering noko opp på land for å redusere trafikk på sjølve sjøsportanlegget (t.d. som 				

		<p>i Bergens Seilforening, Milde Båtlag og Ran Seilforening).</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Anlegget bør plasserat på sørsida for enklare inn- og utsegling. 5. Anlegget må etablerast med gode fasilitetar som gjer anlegget til ein møtestad for fleire enn berre dei som er direkte involvert i bruke av farkostane (konkrete punkt i innspelet). 6. Utviding i framtida. Viktig å legge til rette for ytterlegare vekst ved behov i framtida. 7. Fornuftig med ei grundigare vurdering av utbygginga sine følger for sjøområdet både på overflata og nede i vassøyla. 8. Ønsker å bidra i detaljereguleringsprosessen. Ulike brukarmiljø bør og trekkast inn i planprosessen. Bidra med detaljkunnskap om dei ulike aktivitetane som er aktuelle. 9. Lagt ved skriv om fellesnaust som er viktig innspel til kommande vurderingar kring sjøsportsenteret. 			
14.	Lie, Cathrine	<ol style="list-style-type: none"> 1. For lite omtale av konsekvenser i anleggsfasen for dei som allereie bur på Flatøy, samt omsynet til mjuke trafikantar. 2. Manglar og uavklarte punkt i vurdering av lokalvegen: <ol style="list-style-type: none"> a. Manglar samspel mellom planane i sør (ved eksisterande bussterminal og Framo). b. Kva konsekvens får auke trafikk for rundkøyringa på Flatøy? c. Kva konsekvens får omlegging av køyremønster frå dei allereie eksisterande bustadene på Flatøy? d. Ved stenging av kulvert under E39, for køyretøy, korleis skal ein vere sikker på at Hjelten bru kan handtere auke i trafikken? Ser at Hjelten bru og andre sida av brua (skv2) ikkje er ein del av denne områdeplanen. e. Korleis vert dei mjuke trafikantane ivaretatt i grensesnitta mellom dei ulike planane? f. Er lokalvegen ein detaljplan i områdeplanen? Og om det er det, vil det då ved ei godkjenning av områdeplanen kunne bli oppstart på lokalvegen utan ein meir utfyllande detaljplan? g. Det ligg i planane fleire kryssingar av veggen, dette er uheldig i ei så trafikkert sone som det vert lagt opp til i og rundt området ved rundkøyringa på Flatøy. Dette meiner eg ikkje er konsekvensutgreidd godt nok i denne områdeplanen. 3. Dersom det er 30 år fram til realisering av byggetrinn 3, kan behov og krav til køyremønster vere endra. Byggetrinn 3 vert kanskje aldri realisert. Prognosane for folkevekst er langt lågare enn talet på tilgjengelege bustader i Alver kommune. 4. Bør kome krav om inn- og utkøyring til området i nord, allereie frå byggetrinn 1. Det vil ivareta tryggleiken til mjuke trafikantar og sikra at planlaust kryss/rundkøyring kjem på plass. 			
15.	Meland Sogelag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vedtak i styremøte 19. februar 2020: «I planane for utbygging av Midtmarka/området rundt Flatøyosen bør ein også ta med 			

		areal til eit framtidig regionmuseum. Eit slikt museum kan og kombinerast med eit Kystkultursenter, sjøsportsenter og til dømes visnings- og informasjonssenter for Nordhordland Biosfæreområde».			
16.	Morken, Marie med samla sett 69 underskrifter	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ber om at områdeplanen ikkje vert godkjent, med bakgrunn i: <ol style="list-style-type: none"> a. Planforslaget ivartar ikkje i tilstrekkeleg grad dei kvalitetane ein får som turgår i urørt terreng frå E39 til Håøytoppen. Midtmarka og Håøy vert brukt som turområde av mange frå dei omkringliggjande områda i Nordhordland. Viktig med rekreasjonsareal i nærleiken av Knarvik og Frekhaug. b. Utbygging av planområdet, saman med vedtekne planer for Frekhaug- og Knarvikområdet byggjer på optimistisk prognose for folkevekst, som det ikkje lenger er grunnlag for. c. Ny lokalvegssystem vil ha store negative konsekvenser for eksisterande busetnad på Flatøy. 2. Dersom kommunestyret godkjenner områdeplanen har me følgjende innspel: <ol style="list-style-type: none"> a. Krav om rundkøyring ved Hagelsundet bru for ut- og innkøyring til området-ingen etablering av lokalveg langs E39. b. Flatøyosen som friluftsområde – strandsona må vere fri for bustader og næringsbygg. Må vere brei sone med sti til Håøy i strandsonebelting. Hotellet må flyttast til ein anna stad i planområdet. Heile fase 3a må flyttast lengre aust i planområdet, eventuelt gå ut. Etablering av småbåthamn er i strid med tilrettelegging for umotorisert sjøsport (som er positivt tiltak). 			
17.	Naturvernforbundet Nordhordland	<ol style="list-style-type: none"> 1. Meiner det ikkje er grunnlag for ei slik omfattande utbygging, og saknar ei demografisk analyse som underbyggjer planframlegget 2. Saknar ei vurdering av konsekvensar for bustadmønsteret elles i kommunen. Utbygging av dette området vil kunne ha ein sentraliserande effekt. 3. Er positiv til mindre utbygging og sjøsportsenter og andre tiltak, men ønskjer at Flatøy skal forsette å vere ei grøn lunge. 4. I vidare arbeid må det gjerast eigne undersøkingar av naturmangfaldet, særleg i sjø. 			
18.	Nordal, Kjell	<ol style="list-style-type: none"> 1. Glade for at planforslaget i hovudsak opprettholder Hagelsundlia som område for fritidsbusetnad. Synspunkt: <ol style="list-style-type: none"> a. Ber om at Alver kommune skjermar hytteområdet. b. Ber om at formåls grensen vert trekt lengre vest for å i større grad skjermar hyttebusetnaden. c. Formåls grense nordaust for Rotemyra er ikkje tilstrekkeleg tilpassa landskapsformen og formåls grensa må i større grad følgje høgdekotene. d. Bør vurdere å la området Rotemyra forbli uregulert. 			

		<p>Heile Flatøy aust, bør i staden sjåast i samanheng, inklusiv hytteområdet, når ny bru over Hagelsundet og nytt vegkryss med adkomst til sørsida av vegvegen eventuelt vert detaljregulert.</p> <p>e. Utbygging av Rotemyra må ta omsyn til at det vil ha konsekvenser for den lokale flomsituasjonen.</p> <p>2. Når hytteområder no vert regulert ber om at følgjande rammer for kva som kan tillates på eigedomane vert lagt inn:</p> <p>a. Det tillates, uten søknad, oppføring av inntil 2 uthus på eigedommane, med samla grunnflate inntil 50 kvm. (redskapsbod, vedskjul, m.m., - ikkje til busetnad).</p> <p>b. På eksisterande fritidseigedommar vert det tillatt med hytter inntil 90 kvm. (slik at det er rom for noe oppgradering/utviding av eksisterande hytter).</p> <p>c. Kai/brygger inntil 15m2 vert tillatt i tilknytning til eksisterande naust.</p> <p>3. Vi ber om at planen sikrer ved ein bestemmelse at køyring til eksisterande hytteparkeringsplasser sør for E39 vert tillatt, inntil det eventuelt kommer ny avkøyrsløp på sørsida av vegen.</p>			
19.	Nordhordland padleklubb	<p>Innspel primært til område BIA (idrettsanlegg) med tilhøyrande sjøareal, V1.</p> <p>1. Positive til etablering av eit sjøsportsenter i Skitnedalsvika. Legger til grunn at senteret vil ha ein stor verdi i området, ikkje bare for medlemmer av Nordhordland padleklubb, men også paraidrett, barn og unge frå heile regionen.</p> <p>2. Stiller spørsmål ved kva konkrete vurderingar som er gjort ved å plassere småbåthamn både nord og sør for felt V1. Planforslaget er mangelfullt utgreidd med tanke på tryggleiken til brukarane av sjøsportsenteret. ROS-analysen omtaler ikkje fare for ulykker til sjø, som følgje av at desse arealføremåla er plassert tett opp til kvarandre. Kun avsatt 20 m smal korridor ut til Flatøyosen for den umotoriserte sjøsporten. Risiko for påkøyrsløp og skader. Planforslaget gjev ikkje grunnlag for å drive god aktivitet i tråd med det senteret vert bygd for.</p> <p>3. Peike på tema som må ivaretas i detaljplanlegging:</p> <p>a. Universell utforming</p> <p>b. Kort avstand til kollektivterminal/busshaldeplass</p> <p>c. Trafikksikker tilkomst</p> <p>d. Nok lagringsplass</p> <p>e. Areal til framtidig utviding</p> <p>f. Areal til parkering av kajakkhenger og biler, samt tilrettelagte plasser til utøvere av paraidrett.</p> <p>g. Kyststi bør leggest slik at den ikkje går innom odden i BIA. Viktig å hindre konflikt mellom gåande på kyststien og aktivitetar ved senteret.</p> <p>4. Har drøfta alternativ plassering av sjøsportsenteret i Eidavika, men det føreset at det vert lagt til rette for kollektivtilbod.</p> <p>5. Trafikktryggleiken må vere godt tatt i vare gjennom heile</p>			

		anleggsperioden.				
20.	Nordhordland Seilforening	<ol style="list-style-type: none"> 1. Positive til eit ikkje-motorisert sjøsportsenter i Flatøyosen. Positive til samarbeid med andre lag og foreiningar. 2. For å drive forsvarleg med seglsport og opplæring av barn og unge må motorisert transport minimaliserast i den midtre og auste delen av Flatøyosen. All næringsverksemd må haldast på land og det kan ikkje etablerast småbåthamn/marina. 3. Fase 3A, med omfattande bygningsmasse og anna infrastruktur langs sjøfronten må trekkjast meir tilbake på land. Denne utbygginga vil kraftig redusere verdien av sjøarealet som eit friområde. 4. Viktig med opning for utviding av anlegget på sikt. 5. Plassering i Skitnedalsvika er positivt pga kort avstand til E39 med godt kollektivtilbod. 6. Viktig å unngå skade på kulturminne, arts mangfald, andre biotopar under vatn, i fjære og på land. Anlegget må akseptere at det vert etablert i eit sårbart område. 7. Open for fleire moglege plasseringar av eit anlegg, frå Grønevika rundt indre del av osen til Eidevikane. 8. Det må utarbeidast ein ny konsekvensutgreiing for sjøarealet. Perspektivet no er for ein sidedig frå landsida og ut mot sjøarealet. 				
21.	Nordhordland turlag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vurderer ikkje dei politiske spørsmåla i planframlegget som storleik på utbyggingsarealet, regionen sitt behov for bustad- og næringsareal eller vegløyser. 2. Positiv til den regulerte vegen til Håøya. Landskapskorridoren bør vere uskadd og så brei at det kjennast som ein ferdast i urørt natur. 3. Det må leggjast vekt på korleis utbygginga tek seg ut frå sjøsida. Særleg med tanke på omkringliggjande natur og bryting av horisonten. 4. Allemannsretten må også gjelde i strandsona. Ein må kunne vandre uhindra langs sjøsida, men positive til offentlege tiltak som gjev tilgang. 				
22.	Samuelsen, Kenneth Sjo	<ol style="list-style-type: none"> 1. Etablering av sjøsportsenter på begge sider av Skitnedalsvika dvs. Lyngholmen og Langaneset vil medføre vesentleg forringing av dette området, ikkje minst i høve til nettopp ikkje-motorisert sjøsport. Anlegget er i konflikt med omsynssone H570_4. Sjøsportsanlegg bør flyttast ut av området. Eit eventuelt sjøsportanlegg på Lyngholmen, må ikkje regulerast i konflikt med omsynssone for naust/notebu. 2. Plangrensa bør endrast slik at Grønevika kan vurderast som lokalitet for sjøsportsenter. Betre med lokalisering i Søre Eidevika. Peikar på konkrete fordelar med ei slik plassering. 3. Avvik mellom kommuneplanen og områdeplanen, ved at areal til sjøsportsenter i kommuneplanen kun visast på sørsida av Skitnedalsvika. 4. Endre områdekategori for arealet på Lyngholmen til 				

		<p>grøntstruktur (G) eller friområde (GF).</p> <p>5. Positivt med omsynssone for å verna naust og naustmiljø. Ber om utviding av H570-4 og omlegging av kyststi utanom omsynssona.</p>			
23.	Samuelson, Kristian	<p>1. Positivt med omsynssone for å verna naust og naustmiljø. Viser til § 5 føresegner til omsynssone. Må utvide omsynssone H570-4 for å inkludere området rundt og framom notebua, subsidiært må omsynssona gjelde min. tomtearealet til gbnr. 1/405. Viser til godkjent dispensasjonssak og at det er gjeve tilskot til vern, vøling og sikring av naustet.</p> <p>2. Trase for kyststi bør endrast til nord-aust for 300 m grava til Flatøy skyttarlag.</p> <p>3. Endre arealføremål for Lyngholmen til grønntstruktur (G) eller friområde (GF) med omsynssone kulturvern.</p> <p>4. Sjøsportanlegget før flyttast ut av området.</p>			
24.	Solheim, John Eilert	<p>1. I Åsane Nord er utbygginga stansa pga kapasiteten på E39. Ein så stor utbygging på Flatøy eller andre steder i Nordhordland vil ha ein tilsvarande negativ påvirkning på vegane og bør difor avvanta til E39 er oppgradert gjennom Åsane.</p>	<p>Merknad frå administrasjonen: Skjema med innspel innheld 1 side, og teksten slutter midt i ein setning. Kan vere ytterlegare tekst som av ukjente årsaker ikkje er kommet med.</p>		
25.	Sudmann, Dag og Åse	<p>1. Planlagt lokalveg vil føre til store inngrep i landskapet og ta vekk matjord på Flatøy. Det må gjerast vurdering om ein i det heile tatt skal bygge ut dette området.</p> <p>2. Planen kommenterer ikkje at Alver kommune kanskje skal inn i ein byvekstavtale og kva konsekvens ein slik avtale vil kunne ha for redusert trafikkmengde på Flatøy. Eksisterande E39, med opning for eventuell utviding til 4-feltsveg, er allereide på plass og legg beslag på store areal på Flatøy. Stiller spørsmål ved behovet for lokalvegen og om det er rett med tanke på ønskje om nullvekst i biltrafikken.</p> <p>3. Ber om ny løysing for kryssing av lokalveg mellom Hjelten og Hjelten bru og at det blir bygd fortau langs ny veg mot Hjelten. Vegløyasing er ikkje i samsvar med «Konsekvensutgreiing trafikk og parkering» pkt. 6.3.2.: «Justering av veganlegg forutsett dokumentasjon av at forhold for gåande og syklande blir minst like gode».</p> <p>4. Konsekvensane av at kultverten under E39 blir stengt for biltrafikk og at køyremønsteret blir endra for alle som bur sør/aust for E39 må inn i «Konsekvensutgreiing trafikk og parkering».</p> <p>5. Minstekrav at det blir lagt inn eit rekkefølgekrav at krysset før Hjelten bru må gjerast meir oversikteleg og betrast for mjuke trafikantar.</p> <p>6. Skuleveg til ny skule på Midtmarka. Kan ikkje sjå at det er omtalt i «Konsekvensutgreiing trafikk og parkering». Det må sikrast god løysing slik at born ned til 5-årsalder kan gå trygt til skulen.</p> <p>7. Lokalvegen o-SKV1 må detaljregulerast på lik linje med resten av byggetrinna i planen og at eigen plan må vere</p>			

		<p>godkjent før 1. byggjetrinn kan starte.</p> <ol style="list-style-type: none"> 8. Alternativet utan kryss nordaust på Flatøy må inn i «Konsekvensutgreiing trafikk og parkering». 9. Tillegg til føresegn 7.2.1. SV og o_SKV2 skal vere ferdigstilt før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for bygningar nemnt i føresegnet. 10. Ikkje samd i punkt 7.1 Anleggsfase i «Konsekvensutgreiing trafikk og parkering». Trygg skuleveg i anleggsperioden, om ny lokalveg vert bygd, må sikrast. 11. Støy. Forslag om å sette opp støymålarar i utsette områder for å bekrefte berekningane. Er tvil om at berekningane er korrekt. 12. Svevestøv må og målast i anleggsperioden. 13. Kyststi. Foreslår at lokal byggeskikk med naturstein og grusganger vert brukt i størst mogleg grad. Stien bør så langt som mogleg følgje terrenget for å redusere inngrep i landskapet. Kan bety å flytte kyststien lengre vekk frå Flatøyosen enkelte steder. 14. Kyststi. Bør flyttast ut av området ved omsynssone H730_1-5. 15. Sjøsportsenter/småbåtanlegg. Foreslår å ta ut VS1 og VS2 for å lette påkjenninga på osen. Flatøyosen har stor verdi som område for ikkje motorisert ferdsel. BKB4 bør flyttast mot Kvernafjorden for å skåne osen, samt gje ein samanhengande grøntkorridor mot friluftsområdet på Håøy. 16. Eiavika kan vere eit betre alternativ for lokalisering av sjøportsenter. Utskifting av vatn og botn på Skitledalsvika er ikkje godt eigna, og det kan vere ein del is. 17. Forslag om å snu rekkefølga på utbygginga. Byggetrinn 1 omfattar det mest sårbare området. Utbygging bør først starte nærare kryss nordaust på Flatøy. 			
26.	Sudmann, Johan Albert og Kjellfrid (Camilla Heggø Olsen Harris Advokatfirma as)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planforslaget vil innebære eit stort inngrep i Sudmann sin eigedomsrett (gbnr. 1/1). Ein stor del av bygningsmassen på eigedomen er foreslått revet; 1100 m². Driftsbygning (plass til 150 vinterfora sau og 12 hester) på eigedomen må rivast, i tillegg til bustadhus på gbnr. 1/118. Eit areal i G2 er vist som mellombels byggje- og anleggspålegg. Ca. 800 m med asfaltert veg frå driftsbygning ved Flatøyvegen 32 og nordover til Skjenhøyen vert fjerna, i tillegg til ei ridebane, biloppstillingsplassar og framtidig garasje. Foreligger inga avtale om avståing av grunn, erverv av veggen og tilstøytande areal. 2. Kyststi ved naust på bnr. 1 må flyttast vekk ifrå Kobbekjæret og det må leggest til rette for gangsti til nausta. 3. Kyststi; ikkje lagt til rette for parkeringsplassar for brukarane av kyststien. Stiller spørsmål om kor desse skal parkere. Eksisterande landbruksveg på bnr. 1 vil stengast med bom for å unngå parkering der. 4. Ber om at areal på holmen bnr. 1, kor det er oppført to sjøboder vert regulert til naustføremål i tråd med dagens bruk. 5. Omsynssone høgspeintleing er feil. Sørleg del av leidingen er 			

		<p>lagt i bakken</p> <ol style="list-style-type: none"> 6. Plankartet viser ikkje avkøyrsløyper til eksisterande landbruksveg ved Skjenhøyen. Avkøyrsløype må regulerast i områdeplanen. 7. Areal på bnr. 1 og 286 ved Skjenhøyen ønskes regulert til kombinert bebyggelse og anlegg. Det er lagt fram leidningar til området og ein kan nytte eksisterande landbruksveg som adkomst. Inga bruk som kan nytte dette arealet som tilleggsjord og det vil ikkje kunne nyttast i sjølstendig drift. Eksisterande avkøyrsløype og landbruksveg må inn i plankartet, uavhengig av arealføremål. 8. Gbnr. 1/210: austleg hjørne er foreslått regulert til anna veggrunn. Medfører at eksisterande adkomst frå nordaust på eigedomen vert fjerna (biloppstillingsplassar i dag). Adkomst i sør er ikkje godt eigna som adkomst fordi den er svært bratt. Må regulerast inn avkøyrsløype frå den nye køyrevegen i nord på eigedom bnr. 210. Ønskjer om oppføring av garasje her. Foreslår å flytte veganlegget lenger aust for å redusere inngrep og ulemper for bnr. 210. 9. Areal nord for eigedomen, som er regulert til grøntstruktur, må regulerast til bustadføremål eller kombinert bebyggelse og anlegg. Viktig for å kunne etablere nye garasjer og liknande. Slik at eigedomen kan være hensiktsmessig til tross for det nye veganlegget. 10. Felt V1-V3: ønskjer at dagens bruk av desse områda ikkje vert endra. 11. G2: ønskjer at arealet vert regulert til bustadføremål. 12. Vegstrekning, anlagt av vegvesenet på ca. 800 m må erstattast av ny «internveg» på bnr. 1. 13. Landbruksareal på gbnr. 1/1 og 1/286. Landbruksfagleg vurdering slår fast at framføring av lokalveg vil: «medføre at det ikkje lenger vil være selvsendig drift på bruk 1/1». Planen bør legge til rette for flytting av eventuell matjord. 				
27.	Team Flatøy 4H	<ol style="list-style-type: none"> 1. Synast ikkje det er bra at ein planlegg å bygge ut slik at eksisterande turområde i Midtmarka forsvinn. Turområdet er lett tilgjengeleg og godt brukt turområde for både barn, ungdom og vaksne. 2. Bra at ein legg opp til småbåthamn og plass til umotorisert ferdsel. Bør ikkje leggast til rette for meir motorisert ferdsel inst i Flatøyosen enn det er i dag. Viktig at området framleis kan vere ein stad for padling og rolege aktivitetar på sjøen. 3. Stiller spørsmål om det er gjort gode nok undersøkingar av kva endringane av ei så stor utbygging vil kunne ha for vasskvalitet og dyreliv i sjø og på land. 				
28.	Træet, Hallstein og Eikerol, Randi	<ol style="list-style-type: none"> 4. Områdeplanen legg opp til ein utbygging som kjem for tett på eksisterande fritidsbustader i Skjeljevika. Skjeljevikane har vore hytterområde sidan 1950-tallet og er eit godt rekreasjonsområde. Områdeplanen vil forringe fritidsbustadeigedomane. 				

		<ol style="list-style-type: none"> 5. Bebyggelse i planområdet bør leggest lengre mot vest slik at Skjeljevikane vert meir skjerma for utbygginga. 6. Solstudie: kun gjennomført for ny bebyggelse og ikkje for eksisterande fritidsbustader. Meiner at utbygginga vil kunne skygge for sola i Skjeljevikane, særleg på vår/haust. 7. Planlagt veginfrastruktur i nedslagsfeltet for brønn som er i bruk. Alternativt må det leggest til rette for anna sikker vassforsyning og erstatning for tapt brønn for eigarane av fritidsbustadane. 8. Vegplanane må justerast for å sikre stitilkomst til fritidsbustadane og området rundt som vert nytta av turgåarar. 				
29.	Tyssedal, Rune	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planforslaget vil redusere soltid for min fritidsbustadeigedom. Utbygginga må trekast lengre mot vest og høgde på bygga mot Skjeljevikane må reduserast til ein etasje for å hindre skuggelegging av Skjeljevikane. 2. Dei fleste/alle hyttene på Skjeljevikane får i dag vatn i brønnen som overflate tilsig. Ei utbygging i området vil med stort sannsyn medføre forureining av vatn og redusert vassstilgang. Utbygging må ikkje krysse vasskilje i området. 				
30.	Vatnøy, Håkon	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planen må vere meir presis på kva «å binde saman» kommunesentra Frekhaug og Knarvik betyr. Planen vil tvert imot, med auka trafikk på Flatøy og fleire passasjerar av/på bussane mellom Frekhaug og Knarvik, gje lengre reisetid mellom dei to tettstadane. 2. Viser til omtale av 10-minuttersbyen og fleire grunner til at det er ein idealisert forestilling: <ol style="list-style-type: none"> a. Beboarar bur og jobbar ikkje nødvendigvis på same plass. b. 10 min gange tilsvarar ca 1 km. Urealistisk å plassere alle sentrale funksjone i ein så liten radius. I tillegg mange ærend som ikkje kan gjennomførast med gange, t.d. handleturar og ærend i ruskevær. Erfaring frå Knarvik at mange velger å ta bilen sjølv på turer rundt 1 km. c. Sjøsportsenter dekker eit veldig smalt behov. d. Lågare parkeringsdekning: Redusert bilbruk er ikkje synonymt med behov for færre biler, betyr bare at ein ikkje bruker bilen like ofte som andre steder. Ein bil vil difor være parkert fleire timer i døgnet. I tillegg vil gjester ha behov for parkering. 3. E39 er ein barriere på Flatøy. Uheldig at ein legg opp til å vidareføre ein så sterkt trafikert hovudfartsåre gjennom den nye tettstaden på Flatøy. T.d. pga støy og støv. 4. Planen skildrar ikkje føremålet med å auke innbyggjertalet i Alver kommune. Kommunen bør fokusere på å auke livskvaliteten til dei som bur i kommunen frå før. Planen skildrar heller ikkje kor desse nye innbyggjarane skal kome ifrå. Fødselsratene i Noreg tilseier befolkningsnedgang. 5. Utbygging av området vil auke trafikken med bil over 				

		trafikktejllepunktet på Nordhordlandsbrua. Det bør utgreiast kva konsekvensar utbygginga vil kunne ha for Alver kommune sine inntekter frå nuverande og framtidige byvekstavtaler.			
31.	Virkesdal, Siri og Bergetun, Stig Are	<ol style="list-style-type: none"> 1. Er ikkje samd i planforslaget og ønskjer å behalde dei retter og plikter som eigedomane har pr i dag og som er tinglyste (gbnr. 1/256 og 257). 2. I planforslaget er det lagt grøntstruktur på eigedomane. Krever at 1/265 får arealføremål BFR og at 1/257 får arealføremål BUN. 			
	<u>Høyringsinstansar:</u>				
1.	Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ønskjer detaljregulering av tiltak i sjø til ettersyn når det ligg føre. 2. Ein bør vurdere å ta inn føresegn om søknadsplikt jf. tiltak som krev løyve etter hfl. §27. 			
2.	BKK Nett AS	<ol style="list-style-type: none"> 1. § 2.4.2 som gjeld flytting av overføringslinje, er ikkje korrekt i høve til energilova. 2. § 4.2 manglar føresegn om infrastruktur. 3. Det er ikkje regulert areal til nye nettstasjonar i plankartet. Evt. kan det løysast med rekkefølgjekrav. 4. Ber om at tekst i føresegn § 5.1.3 vert erstatta med tekst frå BKK. 5. § 7.4.2 må endras. Ein kan ikkje gje mellombels bruksløyve eller løyve til igangsetting før kraftleidningen er flytta. 6. Omsynssone for kraftleidningar i plankart, stemmer ikkje med dagens situasjon. Dette må endras. 7. Det må opnas for kabellegging i H570_2 i plankartet, mellom VKL1 og 2, for framføring av sjøkablar. Lagt ved kart. 			
3.	Direktoratet for mineralforvaltning	Inga merknad.			
4.	Fiskerlaget Vest og Fiskerlaget Servicekontor AS, avd. Vest	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Døme på konfliktområder: oppdrett, vindmøller til sjøs, reguleringsplanar i sjø, ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser. 2. Opplever klager frå bebuarar og fritidsbebuarar når ein fiskar i nærområdet. Viktig med respekt for fiskarane sin rett til bruk av sjøområda i si verksemd. 3. Sjøvern er like viktig for fiskerinæringa, som jordvern er for jordbruket. 4. Ber om tillegg til føresegna om kaste- og låssettingsplass, §2.2.2 Naturmangfald, §2.4.1 Forureining og føresegn som legg til rette for miljøvennlege småbåthamner/anlegg. Konkret tekst i innspelet. 5. Ber om at ein i føresegna legg til rette for miljøvennlege småbåthamner/anlegg. Viser til døme frå Sund kommune. 			

5.	Fiskeridirektoratet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kaste- og låssettingsplassane er tilfredsstillande handsama planframlegget 2. Ber om at perioden det ikkje skal sprengast i område nær sjøen, vert utvida til å gjelde perioden mellom februar og juni. 3. Nye røyrleidningar må ikkje hefte fiskereiskap. 4. Positive til krav om ny rammeplan for VA. 				
6.	Fylkesmannen i Vestland (motsegn)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunen har på noverande tidspunkt ikkje ønska dialogmøte. 2. Finn ikkje grunnlag for å avskjere Statens vegvesen si motsegn til planen. <p>Vurdering</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Bustad-, areal- og transportplanlegging <ul style="list-style-type: none"> • Rapport om lokale og regionale verknader tek ikkje stilling til utbygginga si verknad på Knarvik og Frekhaug. • FM vurderer utbygginga som ein satellittplan som vil konkurrera med nemnte tettstader. • Fare for at det vert ei bilbasert utbygging i svært lang tid framover. • Planframlegget er i strid med fleire punkter i SPBATP. 4. Handel <ul style="list-style-type: none"> • Kva type detaljhandel og omfang som tenkt må vere gitt i føresegnene. • Det må ikkje etablerast handel som konkurrerer med senterområda. 5. Støy <ul style="list-style-type: none"> • Saknar nærare vurdering av støy på delområde som ligg tett på E39. 6. Landbruk <ul style="list-style-type: none"> • Fremjar motsegn til lokalveg på bakgrunn av strid med overordna plan, nasjonale forventningar mm i høve omdisponering av dyrka jord. 7. Strandsone <ul style="list-style-type: none"> • Vurderingar i høve strandsona er ikkje balansert nok. • Landskapstilpassing av kyststi vert viktig i vidare arbeid. • BBB1 må trekkast vekk frå Langaneset. • Saknar alternative plasseringar av sjøsportanlegget. • Negativ til idrettsformål på begge sider av Skitnedalsvika. • Omfang av småbåtanlegg må vurderast. • Småbåthamn VS3 manglar føresegn. • Kritisk til at BKB4 går ut i sjøen. • Områda for fritidsbustad må regulast i større grad enn 				

		det er gjort i planframlegget. Fremjar motsegn til tema bustad-, areal- og transportplanlegging, landbruk og strandsone.			
7.	Kystverket	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ved vidare detaljregulering av småbåthamn må bølgepåsleg mm utgreiast i forhold til bileia som går gjennom Flatøyosen. 2. Alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova. Det må kome fram i føresegnene. 			
8.	NGIR	<ol style="list-style-type: none"> 1. Generell merknad som gjeld utforming og krav til avfallsløysingar. 			
9.	NVE	<ol style="list-style-type: none"> 1. Høgspenlinja Meland-Seim som går gjennom området har feil omsynssone i plankartet, må følgje pbl 11-8 d. 2. Det kan ikkje setjast krav til arealbruken under høgspenlinja eller at den skal flyttast. 3. Føresegn § 2.4.2 må takast ut av plan. Om høgspenlinja må flyttast mtp gjennomføring av plan, må føresegnene endras til at aktuelle områder kan ikkje byggjast ut før lina er flytta/teken bort. 			
10.	Statens vegvesen (motsegn)	<p>Motsegn er fremja til følgjande punkt:</p> <p>Framtidig E39</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Planframlegget kjem i konflikt med omsynet til KDP E39 over Flatøy på følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"> • Ny lokalveg kjem truleg i konflikt. • Ulik kryssløysing i KDP og områdeplan. • KDP legg ikkje opp til avkøyrse til Rotemyra. • Ulik funksjon for planlagt lokalveg i KDP enn i områdeplan. • Utbyggingsområder nord i planframlegget vert truleg bandlagt av KDP E39. • Skissert gs-veg manglar vegteikningar, kan ikkje vurdere om den er byggbar. <p>Eksisterande E39</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. KU er mangelfull knytt til kva konsekvensar utbygging får for eksisterande E39 for følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"> • Påverknad nytt kryss i nord. • Påverknad for trafikk gjennom Knarvik sentrum. • Påverknad eksisterande toplanskryss. • Påverknad i nordre del av Åsane. <p>Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Manglar ved vurderingsgrunnlaget som ligg til grunn for KU for statlege planretningslinjer: <ul style="list-style-type: none"> • Manglar KU for delvis utbygging av planframlegget. Om ikkje alle fasane vert bygd, vil området bli bilbasert. 			

		<ul style="list-style-type: none"> • Deler av infrastruktur er det ikkje knytt rekkefølgekrav til (sykkelveg og lokalbuss). • Ny bru over Hagelsund og eit fullverdig gs-system bør vere på plass før utbygginga tar til, då ein i tidlig fase vil vere avhengig av tenester i Knarvik. <p>Trafikktryggleik</p> <p>4. ROS-analysen er mangelfull ved vurdering av risiko knytt til trafikkulykker ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anleggstrafikk. • Kryssingspunkt mm. for mjuke trafikantar over lokalveg. • Bruk av shared space/gatetun. 			
11.	Vestland fylkeskommune (motsegn)	<p>Lokale og regionale verknader av planforslaget</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bustadreserve må kartleggjast (min 12 år, maks 20 år). 2. Ber om at Alver kommune utsett handsaming av planen til ny kommuneplan er utarbeida. <p>Utbyggingsfasar og 10-minuttarsby</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Bør vurdere rekkefølgekrav om utbetring av gang- og sykkeltilbod over Hagelsundbrua. 4. Rekkefølgekrav for barnehage i fyrste fase er ikkje tydeleg. 5. Rekkefølgekrav for opparbeiding av barneskule i fase 3 manglar. 6. Saknar KU og omtale av konsekvensar gjennom dei ulike byggefasane. <p>Landskap og friluftsliv</p> <ol style="list-style-type: none"> 7. Viktig å halde byggenivået lågt for å minimere endring av landskapssiluetten. Maks byggehøgde bør vere lik høgde på dagens kraftline. 8. Flatøy bør heller vere eit friluftsknutepunkt mellom Frekhaug og Knarvik. <p>Handel- og senterstruktur</p> <ol style="list-style-type: none"> 9. Fullt utbygd legg planen opp til 6000m² med detaljhandel, som er i strid med arealbruk i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. 10. Planskilddringa og føresegner, særskild fordeling av arealformål og utnyttingsgrad, samsvarer ikkje. 11. Ber om at føresegnene i større grad sikrar grep i kvalitetsplan og planskilddringa. <p>Infrastruktur og veg</p> <ol style="list-style-type: none"> 12. Planforslaget manglar tekniske vegteikningar som gjer det vanskeleg å vurdere om det er mogleg å bygge. Det er heller ikkje stilt krav til detaljplan av veganlegget før utbygging. 			

		<p>13. Admin. motsegn er fremja mot kryssområdet i sør med bakgrunn i trafikktryggleik.</p> <p>14. Prosjektet må samkøyre seg mot plan for ny kollektivterminal.</p> <p>15. Ønskjer ei vurdering av kva verknad planforslaget får for kollektivterminal og innfartsparkinga på Flatøy, og om det krev ei utviding av anlegget.</p> <p>16. Saknar ei utgreiing for konsekvensar for bompengestasjonane i høve Nordhordlandspakken.</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø</p> <p>17. Fremjar admin. motsegn mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Askeladden id. 121540 og 121541 skal visast i plankart med omsynssone H730, ikkje H570_2. • Omsynssonene må få ulik nummerering etter lokasjon. • Føresegn 5.2.1 lyt endras (forslag er innskreve). • Askeladde id. 107919 ligg innfor bustadformål BB1. Dette krev enten disp. frå kulturminnelova, eller endring av arealformål til LNF. <p>18. I VS1 bør ein unngå å etablere småbåtanlegg i strandsona utanfor GF3 og utafor notbuene i omsynssone H570_3.</p> <p>19. Steingarder lyt stå att der det er mogleg.</p> <p>Planfaglege merknader</p> <p>20. Plandokumenta verkar uferdige, og lyt gjennomarbeidas.</p> <p>21. Stiller spørsmål ved føresegn 4.1.1a, om formåla i plankartet er fråvikelege? Om det er tilfelle ber ein om ei utgreiing kring dette.</p> <p>22. Ber om utsett frist til Fylkesutvalet si mynde om å fremje motsegnspunkt som er forankra i regionale planar.</p> <p>23. Ønskjer dialogmøte med kommunen.</p>				
	<u>Alver kommune sine interne uttalar</u>					
1.	Avdeling for kultur, idrett og frivilligheit, Alver kommune	<p>1. Jordkjellar i H570_2 bør omtalas i føresegnene.</p> <p>2. Kyststi bør leggjast bak naustet i sone H570_4.</p> <p>3. Verksstad i #1 må få omsynssone H570 med tilhøyrande føresegner.</p> <p>4. Skøytedamm i VJV må få omsynssone H570 med tilhøyrande føresegner.</p> <p>5. Positivt av gangtilkomst til Håøya skal sikrast gjennom heile byggje- og annleggsfasen.</p> <p>6. Arealformål LF er ikkje omtala i føresegnene. Føresegna bør opna for at det er lov å legge til rette for tiltak for å gjere området meir attraktivt som friluftsområde.</p> <p>7. Etablering av sjøsportsenter i formål BIA må kunne skje så tidleg som råd gitt faseutbygging.</p>				

		8. Usikker på om området V1 er tilstrekkeleg stor som tilkomst for umotorisert ferdsel inn mot sjøsportsentert i BIA. Flatøyosen bør i hovudsak vere for umotorisert ferdsel. Viser til tidlegere plassering av småbåthamn (sør for BKB4). 9. VKL 1 Badeområde må få arealformål V. 10. Det må setjast av areal til parkeringsplassar i området BKB4, knytt til friluftsliv.				
2.	Eldrerådet, Meland kommune	1. Positiv til regulerte turstiar 2. Ber om at det vert sett areal til omsorg pluss/institusjon				